



LANDINFO

Utlendingsforvaltningens fagenhet for landinformasjon

Temanotat

Mongolia

Tilgang til utdanning for barn med funksjonsnedsettingar

30. september 2021



© Landinfo 2021

Materialet i denne publikasjonen er omfattet av åndsverklovens bestemmelser. Uten særskilt avtale med Landinfo er enhver eksemplarfremstilling og tilgjengeliggjøring bare tillatt i den utstrekning det er hjemlet i lov.

Alle henvendelser om Landinfos rapporter kan rettes til:

Landinfo
Utlendingsforvaltningens fagenhet for landinformasjon

Storgata 33 A
Postboks 2098 Vika
0125 Oslo
Tel: 23 30 94 70
E-post: landinfo@landinfo.no
www.landinfo.no

Om Landinfos temanotater

Utlendingsforvaltningens fagenhet for landinformasjon (Landinfo) innhenter og analyserer informasjon om samfunnsforhold og menneskerettigheter i land som Utlendingsdirektoratet (UDI), Utlendingsnemnda (UNE) og Justis- og beredskapsdepartementet har behov for kunnskap om.

Landinfos temanotater er basert på opplysninger fra nøye utvalgte kilder. Opplysningene er behandlet i henhold til [anerkjente kvalitetskriterier for landinformasjon](#) og [Landinfos retningslinjer for kilde- og informasjonsanalyse](#).

Temanotatene bygger på både skriftlig og muntlig kildemateriale. En del av informasjonen som formidles, er innhentet gjennom samtaler med kilder på informasjonsinnhentingstreiser. Landinfo tilstreber bredde i kildetilfanget, og så langt mulig er det innhentet informasjon fra kilder som arbeider uavhengig av hverandre. Alt benyttet kildemateriale er fortløpende referert i temanotatene. Hensyn til enkelte kilders ønske om anonymitet er ivaretatt.

Notatene gir ikke et uttømmende bilde av temaene som undersøkes, men belyser problemstillinger som er relevante for UDIs og UNEs behandling av utlendingssaker.

Landinfo er en faglig uavhengig enhet, og informasjonen som presenteres, kan ikke tas til inntekt for et bestemt syn på hva praksis bør være i utlendingsforvaltningens behandling av søknader. Landinfos temanotater gir heller ikke uttrykk for norske myndigheters syn på de forhold og land som omtales.

About Landinfo's reports

The Norwegian Country of Origin Information Centre, Landinfo, is an independent body within the Norwegian Immigration Authorities. Landinfo provides country of origin information (COI) to the Norwegian Directorate of Immigration (Utlendingsdirektoratet – UDI), the Immigration Appeals Board (Utlendingsnemnda – UNE) and the Norwegian Ministry of Justice and Public Security.

Reports produced by Landinfo are based on information from carefully selected sources. The information is collected and analysed in accordance with [common methodology for processing COI](#) and [Landinfo's internal guidelines on source and information analysis](#).

To ensure balanced reports, efforts are made to obtain information from a wide range of sources. Many of our reports draw on findings and interviews conducted on fact-finding missions. All sources used are referenced. Sources hesitant to provide information to be cited in a public report have retained anonymity.

The reports do not provide exhaustive overviews of topics or themes, but cover aspects relevant for the processing of asylum and residency cases.

Country of Origin Information presented in Landinfo's reports does not contain policy recommendations nor does it reflect official Norwegian views.

Summary

Mongolia is a sparsely populated, lower middle income country where approximately half the population lives in the capital, Ulaanbaatar, or in the surrounding slums. The infrastructure is not well developed, and the national poverty rate is at around 30 percent.

The statistics are incomplete with regard to the number of people, including children, with disabilities. It is therefore unknown how many children are in need of special education. Nevertheless, it seems clear that significantly fewer children with disabilities than other children graduate from primary and secondary school. Less than half of the 6–18 year-olds with disabilities are literate.

The reasons why children with disabilities drop out of school are complex. They may include the family's social and economic situation, or school related aspects like bullying, exclusion or lack of inclusive education and materials.

There are very few special schools in Mongolia, and they are concentrated in Ulaanbaatar. Countrywide there are many so called Lifelong Education Centres, but they are underfinanced.

Samandrag

Mongolia er eit tynt befolka land der kring halvparten av befolkninga bur i hovudstaden Ulaanbaatar eller i slumområda i utkanten av byen. Landet har status hjå Verdsbanken som lågare middelinntektsland med sparsamt utbygd infrastruktur og ei nasjonal fattigdomsrate på kring 30 prosent.

Statistikken på kor mange personar, inkludert barn, som har ulike typar funksjonsnedsettingar, er ufullstendig, og det er derfor usikkert kor mange barn som har behov for tilpassa undervisning. Det synest ikkje dess mindre klårt at betydeleg færre barn med funksjonsnedsettingar enn andre fullfører grunnskulen, og under halvparten av 6–18-åringar med funksjonsnedsettingar kan lese.

Årsakene til at barn med funksjonsnedsettingar ikkje fullfører skulen, er samansette og kan ha med både familien sin sosiale og økonomiske situasjon å gjere, og med ulike tilhøve ved skulen, som fysiske barrierar, men òg mobbing, utestenging og manglande tilrettelegging av undervisninga.

Det finst få spesialskular, og dei ligg stort sett i Ulaanbaatar. Rundt om i landet finst mange såkalla Lifelong Education Centres, men desse er underfinansierte.

Innhold

1 Innleiing	6
2 Generelle tilhøve for personar med funksjonsnedsetting	6
2.1 Sosio-økonomiske konsekvensar av funksjonsnedsetting	7
3 Lovverk	7
4 Diagnose- og statistikkproblematikk	8
4.1 Tal på personar/barn med funksjonsnedsetting	8
5 Tilgang til utdanning	9
5.1 Barnehage	10
5.2 Grunnskule.....	10
6 Årsaker til mangelfull skulegang	11
6.1 Familiesituasjonen	13
6.2 Tilhøve ved skulen.....	13
6.3 Manglande kvalifikasjonar hjå lærarane.....	14
6.4 Andre tilhøve	14
7 Spesielt om mentale funksjonsutfordringar	15
8 Spesialskular	15
9 Referanser	16

1 Innleiing

Mongolia er ein republikk i Sentral-Asia. Landet manglar kystlinje, men har to millionar km² med grassletter, åsar og fjell, der innbyggjarane lenge levde nomadisk og følgde husdyra over store strekk. I dei seinare åra har urbaniseringa gått raskt, særleg i Ulaanbaatar, der mange bur i raskt veksande slumområde ofte utan straum og/eller vann og sanitær. Halvparten av Mongolia sine 3,3 millionar innbyggjarar bur no i Ulaanbaatar eller i *ger*-distrikta¹ i utkanten av byen (CIA 2021).

Fram til 1991 var Mongolia avhengig av handel med og bistand frå Sovjetunionen. Då Sovjetunionen fall, lanserte mongolske styresmakter ein økonomisk og politisk reformprosess. Demokratiske ordningar vart etablerte, og landet er i dag eit relativt velfungerande demokrati. Økonomisk har Mongolia vore gjennom ein berg og dal-bane dei siste 30 åra. Landet måtte byggje opp ein sjølvstendig økonomi nesten frå grunnen, og fattigdomen var høg. Samstundes gjekk utviklinga raskt, særleg i gruveindustrien. Då Landinfo vitja Mongolia i 2012, låg årleg økonomisk vekst på 17 prosent, og den offisielle, nasjonale fattigdomsrata fell frå 39 til 22 prosent mellom 2010 og 2014. Seinare har ho stige att og ligg no på kring 30 prosent (World Bank 2021). Korona-pandemien har òg vore eit hardt slag for Mongolia sin økonomi.

Mongolia er i dag eit *lower middle income country* (World Bank u.å.).

Kjeldetilfanget i Mongolia er avgrensa. Noko, men langt frå all informasjon frå styresmaktene, er omsett til engelsk, så dette notatet baserer seg i høg grad på rapportar frå internasjonale organisasjonar og forskarar.

2 Generelle tilhøve for personar med funksjonsnedsetting

Mongolia er eit stort land, og mange stader både i og utanfor byane er infrastrukturen lite utbygd. Både i Ulaanbaatar og andre byar kan framkommelegheita vere svært utfordrande for personar med funksjonsnedsettingar. Brorparten av offentlege bygg og offentleg transport er utilgjengelege for personar i rullestol, og berre eit fåtal av gatekryssa i Ulaanbaatar har trafikklys med lydsignal. Naudetatane kan òg vere vanskelege å nå for til dømes blinde og døve, og offentleg informasjon, banktenester og andre digitale tilbod er ofte utilgjengelege for personar med funksjonsnedsettingar. Det same gjeld dei fleste krisesentera (USDS 2021).

¹ Ein *ger* er det runde teltet som vert nytta av mongolske nomadar.

2.1 Sosio-økonomiske konsekvensar av funksjonsnedsetting

Funksjonsnedsetting er ikkje i seg sjølv ein årsak til fattigdom, men kan leie til fattigdom mellom anna fordi diskriminering og manglande tilgang til utdanning gjev færre moglegheiter i arbeidslivet. Mongolske hushald med eitt eller fleire medlem med funksjonsnedsettingar har meir enn dobbelt så høg førekomst av fattigdom som andre hushald (42 prosent mot 18 prosent) (ADB 2019, s. 10; 2020, s. 2).

Personar med funksjonsnedsetting i alderen 15–59 år deltek i mykje lågare grad i arbeidsstyrken enn andre i same aldersgruppe (28 mot 69 prosent) (IPCIG 2016). Færre enn ein av fem mongolar med funksjonsnedsetting i arbeidsfør alder, er i arbeid, mot 64 prosent av dei utan funksjonsnedsettingar (ADB 2020, s. 2).

Mange foreldre, særleg kvinner, arbeider ikkje fordi dei har barn med funksjonsnedsetting utan eit adekvat skuletilbod. Som ein konsekvens av dette vert mange familiar (verande) fattige og isolert frå samfunnet (Miusa u.å.).

3 Lovverk

Dei siste par tiåra har Mongolia utvikla eit sterkt lovverk for inkluderande utdanning for barn med funksjonsnedsettingar. Blant desse er (Government of Mongolia u.å., s. 1):

- The Law of Mongolia on Rights of Persons with Disabilities, 2016
- Law on Pre-school Educaion (MECSS 2020, s. 28)
- Law on Primary and Secondary Education, 2002
- The Law of Mongolia on Education, 2002
- The Law of Mongolia on Employment Promotion, 2011
- The Law of Mongolia on Social Insurance, 1994
- The Law of Mongolia on Social Welfare, 2012
- The Law of Mongolia on Health, 2011.

I tillegg kjem FN-konvensjonane om rettane til barn og rettane til personar med funksjonsnedsettingar som Mongolia ratifiserte i høvesvis 1990 og 2009.

Art 4.1.1 i Law of Rights of Persons with Disabilities definerer «personar med funksjonsnedsetting» som «those who have physical, intellectual, mental and sensory impairments, which in interaction with various barriers; hinder them from fully and effectively participating in social lives».

Denne definisjonen er i tråd med den som vert nytta i FN sin Konvensjon om rettane til menneske med nedsett funksjonsevne og anerkjenner at funksjonsned-

setting ikkje berre er ein helsetilstand, men òg eit resultat av sosiale og fysiske barrierar. Lova slår fast at Mongolia sin Building Assessment Commission ikkje har høve til å godkjenne nye bygg som ikkje møter behova til personar med funksjonsnedsettingar. Ifølgje US State Department (USDS 2021) har personar med funksjonsnedsettingar minst ein representant i kommisjonen.

Mongolia har i dei seinare åra utvikla gode lovar og sterkt politisk rammeverk, men implementeringa er mangelfull (ADB 2020).

4 Diagnose- og statistikkproblematikk

Kvantitativ forskning på skulegang for barn med funksjonsnedsettingar i utviklingsland er ofte utfordrande, mellom anna fordi omgrepet «funksjonsnedsetting» er uklårt og vert ulikt definert. Ulik omgrepsforståing påverkar både metodeval og analyse av årsaker, verknader og tiltak (Kameyama 2019, s. 2).

Mongolia er ikkje noka unntak i så måte. Landet manglar god statistikk over personar, inkludert barn, med funksjonsnedsettingar og kva type funksjonsnedsettingar dei har (MECSS 2020, s. 27). Landet har òg eit svakt diagnoseregime, og ifølgje Den asiatiske utviklingsbanken (ADB 2019, s. 15) fekk inntil nyleg berre vaksne vurdering og diagnostisering av funksjonsnedsetting i Mongolia. Ein studie av 241 hushald frå 2016 fann at eitt av tre barn med funksjonsnedsettingar aldri hadde fått ei medisinsk vurdering, og over 70 prosent av foreldra sa at dei ikkje kjende til tilbodet (ADB 2019). Tidleg identifikasjon av utviklingsutfordringar er avgrensa, og mange barn får inga diagnose. Dømesvis vert autisme, ADHD og lærevanskar ofte diagnostisert av lærarane basert på deira personlege forståing (ADB 2020).

Òg når det gjeld andre funksjonsnedsettingar, er det ofte ein lærar som må vurdere om eit barn har ei funksjonsnedsetting og i så fall på kva nivå, korleis skulen skal rapportere om den, samt om eventuelle lærevanskar og funksjonsutfordringar. Det finst ikkje eit standardsett med kriterium for ei slik evaluering. At så mange barn med funksjonsnedsettingar ikkje har ei formell diagnose, bidreg til å forklare låge tal på barn med funksjonsnedsettingar i mongolske barnehagar og barneskular (ADB 2020).

4.1 Tal på personar/barn med funksjonsnedsetting

Dei nemnde tilhøva gjer det usikkert kor mange mongolske barn som har ein eller fleire funksjonsnedsettingar. Det finst ikkje statistikk på kor mange barn med funksjonsnedsettingar som går i grunnskulen, og det er òg avgrensa data om den sosio-psykologiske utviklinga til barn under fem år (MECSS 2020, s. 27).

Styresmaktene anslår likevel talet på personar med funksjonsnedsettingar i Mongolia til kring 105 000, eller kring 3,3 prosent av befolkninga. Litt over ein tredel bur i Ulaanbaatar, og om lag ti prosent av alle med funksjonsnedsettingar, kring 11 000, er barn. 8400 av desse er i skulealder (MECSS 2020, s. 27).

ADB meiner at dei reelle tala på personar med funksjonsnedsettingar i Mongolia, truleg er høgare enn dei offisielle estimata, mellom anna sidan langt frå alle barn med funksjonsnedsetting har fått ei medisinsk diagnose. Det globale gjennomsnittet tilseier at tala på både vaksne og barn med funksjonsnedsettingar er fire–fem gongar høgare enn dei offentlege mongolske estimata (ADB 2020, s. 2).

5 Tilgang til utdanning

Mongolia har utvikla gode lovar og eit sterkt politisk rammeverk for inkluderande utdanning i tråd med internasjonal mønsterpraksis (*best practice*), men gjennomføringa er mangelfull (ADB 2020).

I samsvar med Law on Primary and Secondary Education (artikkel 20.2.8) skal både barnehagar og skular skrive inn alle barn i krinsane sine og sikre dei grunnleggjande utdanning (ADB 2020, s. 6). Lova har ikkje eit eksplisitt forbod mot diskriminering i utdanninga, men slår fast at styresmaktene må skape tilhøve som gjer at òg elevar med funksjonsnedsettingar får ei utdanning. Trass i denne lovfesta retten for barn med funksjonsnedsetting til å gå i ordinære (*mainstream*) barnehagar og skular, gjer mangel på (kvalifisert) personell og tilretteleggjande infrastruktur dette vanskeleg eller umogleg mange stader (USDS 2021).

Barn med funksjonsnedsettingar har derfor vore, og vert framleis, ekskludert frå skulegang, og manglande utdanning er ei av hovudårsakane til sårbarheit på andre område. Ein av fem mongolar med funksjonsnedsetting har ikkje fullført grunnskulen, mot færre enn fire prosent av restbefolkninga (ADB 2019a, s. 3).

Education Level	PWD	Others	Total
None	20.0	3.8	4.7
Primary	11.8	7.5	7.8
Secondary	20.7	18.6	18.7
Completed secondary	29.0	36.5	36.1
Technical and vocational	9.3	8.2	8.2
Higher	9.2	25.4	24.5
Total	100.0	100.0	100.0

Utdanningsnivået til personar over 15 år, 2014 (ADB 2019, s. 29). PWD = personar med funksjonsnedsettingar.

5.1 Barnehage

Både Kameyama (2019, s. 8) og Verdsbanken (2017) finn at det å ha gått i barnehage har positiv innverknad på om barn med funksjonsnedsettingar fullfører grunnskulen.

Mongolia hadde i underkant av 1500 ordinære barnehagar i 2019. I tillegg har Ulaanbaatar fire barnehagar for barn med funksjonsnedsettingar og fem spesialbarnehagar for barn med alvorlege funksjonsnedsettingar (ADB 2020, s. 3). Berre to av spesialbarnehagane i hovudstaden er offentlege (MECSS 2020, s. 28).

Lova opnar for at opptil to barn med «mild disabilities» kan gå i ordinære barnehageavdelingar (*regular classrooms*). Det er gjerne 35–40 barn i ei avdeling, og dei fleste barnehagar har få tilsette og manglar kvalifisert personell til å ta seg av barn med ekstra utfordringar. Dette kan gjere at dei kvir seg for å ta inn barn med funksjonsnedsettingar (ADB 2020, s. 4).

I tråd med landet sin mangelfulle statistikk og diagnoseregime, sprikar tala på kor mange barn med funksjonsnedsettingar som går i mongolske barnehagar. MECSS (2020, s. 28) hevdar at 70 prosent av dei går i barnehage (mot 91 prosent for alle barn), medan MLSP (2019, s. 49) anslår at 57 prosent av dei 1900 registrerte 2–5-åringane med funksjonsnedsettingar, gjer det. ADB (2020, s. 3; 2019a, s. 1) på si side, finn at berre 36 prosent av barn med funksjonsnedsettingar i alderen 3–5 år, går i barnehage.

5.2 Grunnskule

Gitt at talet på barn med funksjonsnedsettingar i Mongolia er usikkert, varierer òg estimata for innskriving i og fullføring av grunnskule. Kameyama (2019, s. 5) hevdar at det ikkje finst offentleg tilgjengelege estimat over tal på barn med funksjonsnedsettingar eller barn som har droppa ut av skulen.

Likevel tyder mykje på at betydeleg færre barn med funksjonsnedsettingar enn andre, fullfører grunnskulen. Ifølgje UNICEF (ADB 2020, s. 3) var under halvparten av barn med funksjonsnedsettingar innskriver på skule i 2010. Denne delen skal ifølgje ADB ha auka i årtiet som følgde.

Ikkje dess mindre har mongolske styresmakter dei seinare åra registrert ein dramatisk *nedgang* i talet på elevar med funksjonsnedsettingar i den ordinære skulen – frå 16 197 i 2013 til 6518 i 2018. Dette skuldast truleg definisjonstolking og/eller metode- og tellefeil, og ikkje ein reell (eller like stor) nedgang i talet. Som nemnt over, er ikkje metodikken for identifisering av barn med funksjonsnedsettingar i Mongolia påliteleg (sjå t.d. ADB 2020, s. 4).

Ifølgje styresmaktene sine estimat er kring 8400 barn med funksjonsnedsettingar i skulealder. 6518 av desse går altså på vanleg skule, og i tillegg skal om lag 1740

gå på spesialskular i UB (MECSS 2020, s. 27). Det tyder i så fall at 98 prosent av alle barn med funksjonsnedsettingar, går på skule, men det stemmer ikkje: MECSS skriv sjølv på neste side (s. 28) at «just under 78% of children with disabilities were accessing education service in 2018», men at «Other reports suggest this figure may be closer to 66% when all children of secondary school age are considered». Tala er med andre ord svært sprikande.

Table 14. School enrollment of children with disabilities (MLSP 2019, s. 49)

No	Age category	Total no of children	No of children accessing educational services	Percentage
1	2-5 years old	1,900	1,087	57.2
2	6-18 years old	8,351	6,518	78
3	Total	10,251	7,605	67.6

I tillegg til at det er uvisst kor mange barn med funksjonsnedsettingar som går på og fullfører grunnskulen, er det usikkert kor mange av dei som har utbytte av skulegangen. Redd Barna (sitert i ADB 2020, s. 5) fann at 88 prosent av lærarane i ordinær grunnskule ikkje var fagleg kvalifisert til å arbeide med barn med funksjonsnedsettingar. Både ADB (2020, s. 3) og MECSS (2020, s. 28) skriv at under halvparten av 6–18-åringar med funksjonsnedsettingar kan lese.

Det er flest gutar som droppar ut av skulen, og talet på personar med funksjonsnedsettingar som har fullført grunnleggjande skulegang, er lågare på landsbygda enn i byane, mellom anna fordi dei fleste spesialskulane ligg i Ulaanbaatar (ADB 2020, s. 3; MECSS 2020, s. 29).

6 Årsaker til mangelfull skulegang

[A student with a disability] was unable to study in secondary school among her peers. Her mother worked at her primary school, so was able to help [her]. As a result, [the student] was able to learn and graduate. When she enrolled in secondary school, there was no one to help or support her. Students and even teachers refused to support to her. Also, there were no ramps at the entrance of the school. For these reasons, she could not continue to attend school (ADB 2020, s. 13).

Funksjonsnedsettingar er i seg sjølv ein sterk «out-of-school factor» i utviklingsland, skriv Kameyama (2019, s. 2). Så også i Mongolia: Ifølgje

Mongolia sin nasjonale menneskerettskommisjon er funksjonsnedsettingar blant dei aller viktigaste grunnane til at barn droppar ut av skulen (ADB 2020, s. 6).

Både Redd Barna (2018), Kameyama (2019) og ADB (2020) har gjort undersøkingar av kva faktorar som påverkar sannsynet for om barn med funksjonsnedsettingar får skulegang og i så fall kor lenge. Ingen av desse undersøkingane er representative, men dei kan likevel gje eit bilete av kva hindringar som finst for (fullverdig) skulegang for mongolske barn med funksjonsnedsettingar.

Redd Barna (2018, sitert i ADB 2020, s. 6) fann at hovudgrunnane til at barn med funksjonsnedsettingar droppa ut av skulen i Mongolia, var

- (i) familien sin økonomiske situasjon og/eller låg omsorgsevne
- (ii) skulen sin infrastruktur, utilgjengelege eller ueigna klasserom og læremateriale
- (iii) helsetilhøve som skuldast funksjonsnedsettinga

Kameyama (2019, s. 12–14) fann at faktorar som i høg grad påverka om barn med funksjonsnedsettingar gjekk på skule, var

- alvorlighetsgraden av barnet si funksjonsnedsetting
- om dei hadde gått i barnehage
- tal på sysken
- foreldra sin alder og arbeidssituasjonen deira

ADB (2020) fann at dei viktigaste fråfallsgrunnane var (i søkkande svarfrekvens):

«Personlege årsaker»

- 1) helsegrunnar
- 2) manglande interesse
- 3) svake sosiale og kommunikative evner

«Familielaterte årsaker»

- 4) manglande evne til å betale for skulen og skulerelaterte utgifter
- 5) mobilitets- og migrasjonsrelaterte tilhøve
- 6) mangel på dokumentasjon
- 7) mangel på nokon som kan følgje barnet til og frå skulen

I tillegg svarte 20 skulebyråkratar at dei viktigaste utfordringane for å nå ut til og reintegrere elevar som hadde falle frå, var (svarfrekvens i parentes) (ADB 2020):

- (i) parental lack of support and interest in educating their children (9)
- (ii) lack of support mechanism for teachers [...] (7)
- (iii) poor and impermanent registration and identification activities (6);

- (vi) negative attitude of peers (6);
- (v) children have no or little interest in attending school (6);
- (vi) lack of legal–friendly regulations (5);
- (vii) school administration’s, teachers’, staff’s reluctance to recruit the children, negative attitude of teachers and staff (5)

6.1 Familiesituasjonen

Kameyama (2019, s. 12) fann at foreldra sin arbeidssituasjon, ikkje inntekt, hadde størst innverknad på om barn med funksjonsnedsettingar gjekk på skule. Barn av foreldre som arbeidde i privat sektor, var gjetarar eller arbeidsledige, hadde høgare sannsyn for å ikkje gå på skule enn barn med foreldre i offentleg sektor. Ein grunn til det kan vere at arbeids- og lønnsvilkåra i offentleg sektor er betre eller meir stabile, noko som kan gje foreldra meir tid til ungene.

Både Kameyama (2019, s. 12) og ADB (2020) fann at søsken eller besteforeldre sin moglegheit til å følge barn med funksjonsnedsettingar på skulen, er avgjerande. Samstundes fann Kameyama (2019) at eit stort tal sysken har motsett effekt, sidan nokre familiar då prioriterer skulegang for barn utan funksjonsnedsettingar.

6.2 Tilhøve ved skulen

ADB (2020, s. 12) fann at 81 prosent av barna som hadde droppa ut av skulen, hadde gjort det av «personlege årsaker» (som «manglande interesse» og «svake sosiale og kommunikative evner»), medan berre 2 prosent av barna i studien oppgav skulerelaterte årsaker (som mobbing frå medelevar og press frå lærarar og skulepersonell). Fleire lærarar i ADB-studien (2020) hevdar at «children have no or little interest in attending school».

Landinfo legg til grunn at mongolske barn med funksjonsnedsettingar, i likskap med alle andre barn, helst vil gå på skulen saman med dei andre ungene i nærmiljøet. Faktorar som mobbing eller ekskludering frå medelevar og lærarar kan derimot minske dette ønsket. Fleire av lærarane i ADB-studien rapporterte om «negative attitude of peers» og «school administration’s, teachers’, and staff’s reluctance to recruit the children; negative attitude of teachers and staff» som hinder for gjeninnskrivning av utdroppa elevar. At elevar med nedsett funksjonsevne ikkje viser interesse for å gå på skulen, kan tenkeleg skuldast slike tilhøve og ikkje (berre) «personlege årsaker».

Fysiske tilhøve ved skulen er eit problem. Få, om nokon, mongolske skular er universelt utforma, og tilgang til toalett og mangel på tilpassa læringsverktøy er mellom dei vanlegaste hindringane. På landsbygda går barna ofte på internat-skular, og tilhøva ved desse kan vere svært fattigslege. Mange skular har berre utedo som i tillegg kan ligge langt frå dei andre husa. Dette gjer det vanskeleg for barn med funksjonsnedsettingar å bu der (NLM 2012; Pandem u.å.).

Andre utfordringar er manglande moglegheit for barn med og utan funksjonsnedsettingar til å gå i same klasse, store klassar og generell ressursmangel. I tillegg kjem transport til og frå skulen. Dei fleste stader finst det ikkje skulebuss, og mange stader kan ikkje personar med funksjonsnedsettingar nytte vanleg buss (USDS 2021; ADB 2020, s. 31; Kameyama 2019).

6.3 Manglande kvalifikasjonar hjå lærarane

Redd Barna fann altså at nær 90 prosent av lærarane i den ordinære grunnskulen ikkje var utdanna til å arbeide med barn med funksjonsnedsettingar. Ifølgje JICA (2019) droppar mange elevar med funksjonsnedsettingar ut av skulen fordi dei ikkje får tilpassa undervisning (*appropriate guidance*).

Både foreldre og organisasjonar fortel om utestenging av barn med funksjonsnedsetting frå barnehagar og skular og om lærarar som manglar både forståing og formelle kvalifikasjonar (som kompetanse i spesialundervisning) for å kunne undervise barn med ulike funksjonsnedsettingar (ADB 2019, s. 28). Fleire av Kameyama (2019) sine respondentar uttala at skulane ekskluderte barna deira frå aktivitetar eller at barnehagen ikkje ville skrive inn barnet fordi dei ikkje kunne ta seg av det.

Også MECSS (2020, s. 29) skriv at mongolske lærarar treng opplæring i mellom anna spesialpedagogikk for å kunne undervise barn med funksjonsnedsettingar på ein god måte. Særlig i barneskulen oppgav mange lærarar «lack of knowledge and skills to diagnose [the children]» som ei utfordring, med påfølgjande utfordring i å bestemme og tilpasse pedagogikken, jf. ovanfor om manglande diagnostisering.

6.4 Andre tilhøve

Helse er den årsaka som flest av ADB (2020) sine respondentar oppgjev for at barnet har droppa ut av skulen. Igjen er nok dette delvis eit definisjonsspørsmål. Om skulen var betre tilrettelagt, til dømes med betre fysisk tilgjengelegheit og tilpassa læringsverktøy, ville kanskje ikkje barnet sin helsetilstand vore til hinder for skulegangen.

Graden av funksjonsnedsetting er òg avgjerande. I Kameyama (2019, s. 8) sin studie hadde barn med ei alvorleg funksjonsnedsetting meir enn sju gongar så høgt sannsyn for å droppe ut av skulen enn barn med lett funksjonsnedsetting.

Det å ha gått i barnehage er viktig for å verte skuleklar og ofte avgjerande for om barn med funksjonsnedsettingar fullfører grunnskulen (Kameyama 2019; World Bank 2017).

7 **Spesielt om mentale funksjonsutfordringar**

Fire av dei seks spesialskulane for barn med funksjonsnedsettingar i Ulaanbaatar, tar opp barn med «intellectual disabilities», inkludert barn med autisme (ADB 2020, s. 5). Autisme er eit relativt nytt omgrep i Mongolia og opp til ganske nyleg har derfor ikkje barn med autisme fått noko diagnose (UB Post 2017).

Det er få lærarar med kunnskap om kva barn med autisme og andre mentale funksjonsnedsettingar treng for å få best mogleg utbytte av skulen. Ordinære skular vart frå 2019 pålagde å tilby barn med autisme inkluderande undervisning, men dette er enno ikkje implementert grunna mangel på kvalifiserte lærarar (Autism and Mongolia sitert i USDS 2021).

8 **Spesialskular**

Ifølgje Kameyama (2019) og ADB (2020, s. 5) er det seks spesialskular i Ulaanbaatar. I tillegg er det éin i Darkhan *aimag* (provins). Av skulane i UB er éin for barn med nedsett syn, éin for barn med nedsett høyrsel, og dei resterande fire er for barn med ulike mentale funksjonsnedsettingar. I 2018 gjekk det kring 1700 barn på desse skulane (ADB 2020, s. 5; MECSS 2020, s. 27). Skulane har ulike kompetanseområde: To er spesialiserte på barn med alvorlege funksjonsnedsettingar, medan ein annan rettar seg mest mot barn med «psychological delay» (ADB 2020, s. 5).

I tillegg finst det såkalla Lifelong Education Centers (LLECs). Dette er offentlege institusjonar som mellom anna skal redusere talet på *out-of-school children* og tilby dei utdanning og leseopplæring. I 2019 var det 26 hovudsenter og 326 filialar av desse sentra rundt om i landet. På grunnskulenivå underviser dei i mongolsk, matematikk, naturfag, kunst og teknologi (ADB 2020; MECSS 2020, s. 28).

I skuleåret 2018–2019 var 7300 barn innskrive på desse sentra, av desse var 13 prosent barn med funksjonsnedsettingar. Av desse 7300 gjekk 90 prosent på grunnskulenivået og 10 prosent på vidaregåande nivå (ADB 2020).

Både ADB (2020) og MECSS (2020, s. 28) rapporterer at tilbodet til barn med ulike typar funksjonsnedsettingar varierer veldig frå senter til senter. Fleire stader vil lærarane berre ta inn barn med funksjonsnedsettingar viss skulen har spesialtilbod til dei. Dropp ut-ratane er høge, og på så godt som alle sentra er det knappheit på ressursar og spesiallærarar (sjå òg MECSS 2019).

I åtte av landet sine 21 provinsar tilbyr LLEC heimeundervisning for barn med alvorlege funksjonsnedsettingar. 130 av 3370 registrerte barn med alvorlege funksjonsnedsettingar fekk slik undervisning i 2019 (ADB 2020, s. 6).

Skriftlige kilder

- ADB, dvs. Asian Development Bank (2019, desember). *Living with Disability in Mongolia: Progress toward Inclusion*. Mandaluyong City: ADB. Tilgjengeleg frå <https://www.adb.org/sites/default/files/publication/548006/living-disability-mongolia.pdf> [lasta ned 17. september 2021]
- ADB (2019a). *Integrating Persons with Disabilities into Mongolia's Society*. Mandaluyong City: ADB. Tilgjengeleg frå <https://www.adb.org/sites/default/files/publication/533481/integrating-persons-disabilities-mongolia-society.pdf> [lasta ned 17. september 2021]
- ADB (2020, november). *Promoting Inclusive Education in Mongolia*. Mandaluyong City: ADB. Tilgjengeleg frå <http://dx.doi.org/10.22617/WPS200305-2> [lasta ned 17. september 2021]
- CIA (2021, 22. september). The World Factbook. Mongolia. Washington D.C.: CIA. Tilgjengeleg frå <https://www.cia.gov/the-world-factbook/countries/mongolia/> [lasta ned 30. september]
- Government of Mongolia (u.å.). *Report on the Implementation of the Convention and Recommendation against Discrimination in Education*. Ulaanbaatar: Government of Mongolia. Tilgjengeleg frå <http://www.unesco.org/education/edurights/media/resources/file/Mongolia.pdf> [lasta ned 17. september 2021]
- IPCIG, dvs. International Policy Centre for Inclusive Growth (2016, desember). *Disability and social protection in Mongolia*. Brasilia: IPCIG. Tilgjengeleg frå https://www.ipc-undp.org/pub/eng/OP340_Disability_and_social_protection_in_Mongolia.pdf [lasta ned 17. september 2021]
- JICA, dvs. Japan International Cooperation Agency (2019, 19. desember). *Enabling children with disabilities in Mongolia to demonstrate their potential through individualized learning*. Tokyo: JICA. Tilgjengeleg frå https://www.jica.go.jp/english/news/field/2019/20191219_01.html [lasta ned 21. september 2021]
- Kameyama, Yuriko (2019, 17. september). Who are out-of-school children? Children with disabilities in Mongolia. *Compare: A Journal of Comparative and International Education*, 51(5), 670-689. Tilgjengeleg frå <https://www.tandfonline.com/doi/abs/10.1080/03057925.2019.1664894> [lasta ned 17. september 2021]
- Law of Mongolia on Education. Tilgjengeleg frå International Labour Organization <https://www.ilo.org/dyn/natlex/docs/ELECTRONIC/71503/105360/F-1157543910/MNG71503%20Eng.pdf> [lasta ned 17. september 2021]
- Law of Mongolia on Human Rights of Persons with Disabilities. Tilgjengeleg frå Disability Rights Education & Defense Fund. Tilgjengeleg frå <https://dredf.org/wp-content/uploads/2018/10/The-Law-of-Mongolia-on-Human-Rights-of-Persons-with-Disabilities-02-05-16.pdf> [lasta ned 20. september 2021]
- MLSP, dvs. Ministry of Labour and Social Protection (2019). *White Paper on Disability in Mongolia*. Ulaanbaatar: MLSP. Tilgjengeleg frå <https://mlsp.gov.mn/uploads/files/bc4a1c5724eec9fdea2676f9324ed621ab239435.pdf> [lasta ned 17. september 2021] [lasta ned 20. september 2021]
- Miusa, dvs. Mobility International USA (u.å.). *In Mongolia, Rights Start with Inclusive Education*. Eugene: Miusa. Tilgjengeleg frå <https://www.miusa.org/resource/bestpractice/mongolia> [lasta ned 17. september 2021]

- MECSS, dvs. Ministry of Education, Culture, Science and Sports (2019, april). *Sub-Sector Study Report On Lifelong Education*. Ulaanbaatar: MECCS & ADB. Tilgjengeleg frå <https://www.globalpartnership.org/sites/default/files/document/file/2021-01-04-mongolia-sub-sector-study-report-on-lifelong-education.pdf> [lasta ned 23. september 2021]
- MECSS (2020). *Towards Mongolia's Long-Term Development Policy Vision 2050*. Ulaanbaatar: MECSS. Tilgjengeleg frå <https://www.globalpartnership.org/sites/default/files/document/file/2020-12-17-towards-mongolia-long-term-development-policy-vision-2050-advancing-education-equity-efficiency-outcomes.pdf> [lasta ned 20. september 2021]
- Pandem (u.å.). *Access to sanitation and hygiene in a rural school and boarding school, Bayankhangai*. Dudelange: Pandem. Tilgjengeleg frå <https://padem.org/en/cause/mongolie-acces-a-lassainissement-et-a-lhygiene-dans-une-ecole-et-un-pensionnat-en-zone-rurale-bayankhangai/> [lasta ned 17. september 2021]
- UB Post (2017, 1. mai). Individualized Teaching Strategy Recommended for Education Autistic Children. *UB Post*. Tilgjengeleg frå <https://www.pressreader.com/mongolia/the-ub-post/20170501/281526520953284> [lasta ned 17. september 2021]
- USDS, dvs. US Department of State (2021, 30. mars). *2020 Country Report on Human Rights Practices: Mongolia*. Washington D.C.: USDS. Tilgjengeleg frå <https://www.state.gov/reports/2020-country-reports-on-human-rights-practices/mongolia/> [lasta ned 20. september 2021]
- World Bank (u.å.). *Mongolia*. Washington D.C.: World Bank. Tilgjengeleg frå <https://data.worldbank.org/country/MN> [lasta ned 17. september 2021]
- World Bank (2017, mars). *Pre-Primary Education in Mongolia*. Washington D.C.: World Bank. Tilgjengeleg frå <https://documents1.worldbank.org/curated/en/481101490364915103/pdf/113752-WP-PUBLIC-P152905-QualityJanWithExecMarchclean.pdf> [lasta ned 20. september 2021]
- World Bank (2021, 6. april). *Overview*. Washington D.C.: World Bank. Tilgjengeleg frå <https://www.worldbank.org/en/country/mongolia/overview> [lasta ned 20. september 2021]

Muntlige kilder

NLM, dvs. Norsk luthersk misjonssamband. Møte Ulaanbaatar 1. juni 2012